



Info om Norway Cup 2016

Norway Cup starter søndag 31.juli og varer til lørdag 6.august

Me reiser lørdag 30.juli fra

- Uskedal, busstopp i sentrum, kl.08:30
- Rosendal Samfunnshus, kl.09:00

Bussane køyrer så vidare til Oslo. Det er to store bussar (45-50 seters), samt vår eigen minibuss (17 seters). Møt helst opp i god tid, ettersom det går litt tid med til pakking av bagasje. Sjøførane er Atle Jarle Bauge og Håkon Mehl. På vei til Oslo blir det lagt inn høvelige stopp, og me er framme i Oslo rundt klokka 17:00. Retur er uvisst, me må sjå kor langt laga heng med og korleis veret er, men trulig fredag 5.august.

Prisar

A-kort kr.2300, ei veke i Oslo, overnatting på skule, tre måltider, samt mykje forskjellig som lagfoto, bad, transport i Oslo med t-bane m.m.

Bussprisar

Kvinnherad – Oslo t/r + buss i Oslo – kr.1000

Kvinnherad – Oslo ein veg + buss i Oslo – kr.600

Buss berre i Oslo – kr.300

Betal til kontonr. 3460 07 52687 , betalingsfrist er 23.juli!

Laga som reiser

Gutar f.00/01	Kl. B	11er (kan bli endra til to 7er lag)
Jenter f.99/00/01	Kl. U	7er
Gutar f.02	Kl. C	11er
Jenter f.02/03	Kl. S	11er
Gutar f.03	Kl. D	9er

Overnatting

Alle laga skal bu på Nordseter skule, Ekebergveien 200, 1162 Oslo.

Mat

Alle som har kjøpt A-kort ligg på skulen, får tre måltider pr dag. Frukost på skulen, lunsj og middag i Ekeberghallen. Alle med A-H-D-kort får mange ting gratis, som fri transport med offentlig transport, bad, lagbilde m.m.

Kle/Utstyr

Kampane går på gras eller kunstgrasbane. Har du sko for begge banedekka, så ta dei med. Det er lurt å ta med ein liten tursekk til kampar og utflukter o.l. Alle bør merke kle og utstyret sitt med navn og mobilnr. Vil òg minne på om at det kan bli all slags vêr, så ta med både solkrem og regnkle.

NB! Viktig med eit godt liggeunderlag, ei heil veke på golv krev det. Blir solgt seng og sovepose i Norway Cup, hvilket må bestilles på forhånd. Norway Cup tar kun imot samlebestillinger fra klubbar. Du kan ikkje bestille seng og sovepose som privatperson. Det må bestilles klubbvis.

Norway Cup har bestemt at liggeunderlaget skal være maks 90 cm i bredde og 2m langt.

Prisane i 2016

Seng og sovepose: kr.495 pr person

Seng: kr.395 pr person

Sovepose: kr.150 pr person

Dei som kjøper seng og sovepose vil få dette til odel og eige etter turneringa. Bestill før avreise.

Medisin/Utstyr

Dersom deltakarane har sjukdommar eller bruker medisin, er det svært viktig at lagleder får skriftlig beskjed om dette på forhånd.

Pengar

Kor mykje pengar ein vil ha med blir opp til kvar enkelt. Erfaring fra tidligare er at ein del av dei yngste kanskje brukar opp pengane litt fort. Dersom noken ønskjer hjelp til disponering/oppbevaring av lommepengar, så ta kontakt med ein av lederane. Når det gjeld ansvarfor pengar og verdisaker, så må ein sjølv ta ansvar og kontroll på dette. Under kampene passar laglederar på dette.

Disiplin

Sjølv om me ikkje er redd for disiplinære problem må dette likevel nemnast. Når me bur så mange på same plassen i så lang tid, må alle vise hensyn til kvarandre. På skulen er det døgnvakt frå arrangøren si side, samt at me passar på. Det vil bli gitt ordeninnstruks lagvis etter at me er komen fram.

Ingen får forlate skuleområdet utan at laglederar har godkjent det, og at me alltid er

minimum 3stk saman. Me kjem ikkje til å godta at nokon øydelegg turen for andre. Dersom det blir gjort brudd på inngåtte avtaler, kan det bli heimsending for eiga rekning. Men me trur dette går bra.

Snus er forbudt på skuleområdet og fotballanlegg, og det er nulltoleranse for alkohol!

Huskeliste

Fotballsko (gras/kunstgras)

Leggskinn

Drakter (svart shorts, kvite f.strømper, dei som har det heime)

Drikkeflaske (merk med navn)

Sovepose

Liggeunderlag (90cm x 2m)

Kle for sol og regn

Solbriller/solkrem

Toalettsaker/handkle

Liten tursekk/mageveske

Bilsjuketabletter (dersom du er plaga med bilsjuka)

Legitimasjon

Mobil/lader

NB! På dagtid ha alltid mobilen tilgjengelig og opplada, så me kan kontakte deg etter behov. Husk å merke kle og anna med navn! Har de ting de lurar på ta kontakt med laglederar eller Arvid Nes.

Ønskjer alle ei flott veke i Oslo, god tur!

Kontaktpersonar under Norway Cup

Leder under N.Cup	Jan Jaap Boot	90 74 37 58
Trenar G16	Romar S. Olsen	97 11 30 74
Trenar J16	Tore Bondhus	47 62 02 15
Trenar J16	Atle Skåla	95 16 91 73
Trenar G14	Lars Emil Berge	99 15 07 37
Lagleder J14	Erlend Bøyum	93 20 25 74
Trenar J14	Tor Gundersen	90 76 55 78
Trenar J14	Helge Furdal	99 51 25 85
Trenar G13	Magne Skår	91 73 00 45
Trenar G13	Hilde Olderkjær	47 39 81 48
Lagleder G13	Ingrid H. Guddal	97 55 84 04
Kontaktperson for laga	Arvid Nes	48 22 80 26
	Maylinn Kristiansen	99 24 06 11
	Børge Tveit	91 71 25 01
	Lars Ove Seglem	95 43 42 40
Norway Cup	Kl.08:00 – 22:00	22 66 02 00